

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. HEL 36 FAKTER OG ÅTFERD

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gloppen.

Emne HELSING, FAKTER OG ÅTFERD.

Bygdelag: Heile Gloppen herad.

Oppskr. av: Ola Sande (f. 1877)

Gard: Austrheim

(adresse): Sandane

G.nr. 69 Br.nr. 57

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle. **For det meste etter eiga röynsle.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er vanleg at folk seier "ja" Og "nei". Men det kan vera at ein, serleg mellom sine eigne, gjer eit nikk med hovudet i staden for "ja" og rister på hovudet i staden for "nei".
2. Det var vanleg her i bygda at ein helsa på alle ein møtte på vegen, kjende og ukjende, med helsinga "godt mot" eller stundom, serleg når ein møtte kjent folk, "godt i møte". Den som ein møtte svara med same orda.
No er det for det meste slutt med slik helsing, men so seint som til kring hundreårsskiftet var det vanleg mó-tehelsing.
3. Nei, ein kjenner ikkje til at det var nokon regel for kven som skulde helsa fyrst.
4. Som nemnt under 1, vart det svara med same orda.
5. Det var vanleg at karfolk letta på hatten når dei møtte presten. Andre "høge embetsmenn" var her ikkje. Ein letta ikkje på hatten eller huva når grannar eller andre bygdefolk møttest. Storbonde eller brukseigar var her ikkje.
6. Det hende at ein heldt hatten med begge hendene når ein tala med presten, og det var for å syna presten vyrdnad.
7. Nei, helsinga var den same alltid.
8. Ein handhelsa på folk ein vilde snakka med, og alltid når ein kom på vitjing eller til gjestebod, og då handhelsa ein både på store og små.
9. Nei, slik uttrykk for "venskap eller glede" var ikkje brukt her.
10. Ja, det var vanleg at karane letta på hatten eller huva når kyrkjeklokken ringde til gudsteneste. Kvinnene gjorde ikkje noko serskilt. Stod dei og prata, stod dei gjerne stille under klokkeringinga.
11. Folk syntte vyrdnad eller medkjensle på den måten at dei ~~stod~~ stille og såg på medan fylget for forbi.
12. Nei, slik helsing er ukjend her.

13. "Go'morem"sa folk om morgenon - til kl.8 - 9.Sidan sa dei "go'dag",oftast "gu&ddajen", heile dagen til det tok til å kveldast (skymest). Sidan sa dei "go'kveld", helst "gu'kvelden". Dei andre nemnde helsingar ukjende her.
14. Vart det sagt ei helsing som ikkje var rett,tok ein det helst so at det var eit kvart som feila (på vittet).Var det, ~~eller~~ er det,nokon som helsa på urett måte, var det helst "på leven" (for moro). ~~med vilje~~
15. Ein svara helst på same måten,eller la til eit "og", "gu'dajen og".
16. Ja,det er ikkje rekna for god folkeskikk å helsa på urett måte.
17. Det var ofte når ein kom inn i ei stove at,serleg tilkomne folk,sa:"Gu'dag og Guds fred i huset". Det er vanleg endå -som för - å helsa:"Signe arbeidet", "Signe strevæt", "Signe kvilet", "Signe laget"(stum t i ~~signe strevæt~~), "Signe sögjen"(pratet), "Signe maten", "Stå i fred"(svar:"Kom so te"), "Sit i fred".
18. "Takk for maten",svar : "Signe deg".
19. Når verten tok imot gjesten ute på tunet,sa han gjerne -etter velkomehelsinga :"Du må sjå inn i stova", og innkomen sa gjerne gjesten:"Gu'dag i stova" eller: "Gu'dag i huset".
20. Ein berre bad om å få "snakke" med vedkomande.
21. Hadde ein ærend til grinnen eller til folk lenger undan, banka ein på "utdöra",til ein kvan kom ut,og bar so fram ærendet.Slik er det i regelen endå.
Ein banka ikkje på döra om ein gjekk inn i stova med ein gong.Skikken var oftast so mellom grannar.
22. Helsinga var: "Gu'dag",og svaret: "Gu'dag og" eller: "Gu'dajen og".
23. I regelen vart den som kom inn,ståande til det vart sagt:"Du må sjå du får sitje".
24. I regelen tok ein ikkje av hatten eller huva når ein gjekk inn.
25. Som under nr.23: "Du må sjå du får sitje."
26. I regelen ikkje.
27. Etter "Gu'dag" og svar "Gu'dag og",spurde ein gjerne framandfolk: "Er det framande ute og går?",og "Kvar er den karen (eller du) ifrå?"
28. Var det kjenningar eller slektfolk som kom,vart det først "Gu'dag" ved döra og so handhelsing. (Kjenner ikkje til at det vart turka av stolen for den framande).
29. Innbedde gjester vart helsa med "Gu'dag" og "Velkommen".
30. Ved kvardagslege vitjingar vart det alltid sagt"far-

- vel" og svara "farvel" eller "farvel og". Den franske helsinga "A djö" (adjö, ajö) er av nyare dato.
31. Vanleg vart det sagt "Farvel" og svara:"Farvel og".
 - a) Oftast vart det lagt til farvel-helsinga: "So må du leve so vel då".
 - b) Som under a).
 32. Nei, det var ikkje visen å kyssa til farvel.
 33. Fell bort. Sjå nr.32.
 34. Nei. Sjå sv. under 31.
 35. Nei, ein kjenner ikkje til at slik kyssing har vore brukt her.
 36. Fell bort.
 37. Kjenner ikkje til at slik kyssing har vore brukt her.
 38. Vilde ein ha kyss av eit barn, bad ein om å få "söten": "Kan eg få söten din?" "Vil du gje meg söten din?" "No tok eg söten din*.
 39. Ja, for moro eller som leik la ein nasene attåt kvar andre, fort frå den eine sida til hi, og sa at ein "bytte nase", "skal vi bytte nase?"
 40. Både foreldre og andre kjende vaksne kunde "bytte nase" med born.
 41. Ein kunde knipe nasa åt barnet mellom peikefingeren og tumatotten og seie: "No tek eg nasa di."
 42. Ukjent her.
 43. Fell bort.
 44. "Til lukke" har vore og er brukt med same tyding som framandordet "gratulerer". Det og vert brukt av til no, men med a i siste stavninga: "Gratulerar".
 45. Oftast vart det sagt "gledeleg högtid", både til jul, nyår og andre högtider. Seinare: "Gledeleg jul", "God jul", "Godt nyår", "God påske" o.s.b.
Ved barnefödsel, truloving, bryllaup var det ynskt "til lukke", om det i det heile vart sagt noko ynske.
 46. Ved dödsfall og motgang stod ein berre still og ålvorleg og synte medkjensle på den måten.
 47. Det vart soleis ikkje höve til takking.
 48. Slik takking kjenner ein ikkje til her. Liket vart sunge ut, og på vegen til kyrkjegården sat det oftast ein på kista og song liksalmar.
 49. Det kunde henda ein geipa til vanværdnad. Serleg gjorde born det seg imellom når dei var uvener.

50. För sa ektefolk alltid "De" til einannan. Denne skikken var ikkje heilt utdøydd ved hundreårsskiftet. Tidlegare vart det sagt "I" og "Jer" ogso til presten og andre höge personar.

Og so sa ein alltid "De" til eldre folk. Det er i regelen so endå.

51. I regelen ikkje. Men ein kunde seie, og seier endå; "Er det han Per som er ute og går?" "Er det ho Mari som kjem?" o.l.